



# Gloppen kommune

Plan og utgreiing

Partigruppene på stortinget,  
Mottakarar i følge liste

Vår ref.  
18/2356

Dato  
19.02.2018

## Bekymringsmelding om for tronge økonomiske rammer for kommunane

Eldrerådet i Gloppen er sterkt uroa for kommunane sine helse- og omsorgstenester i tida som kjem, spesielt med tanke på den sterke forventa veksten i talet på eldre. Forventningane til kva kommunane skal løyse er store, og står på ingen måte i forhold til dei økonomiske rammene kommunane så langt har fått for å løyse desse oppgåvene. Vi oppfordrar derfor alle partia på stortinget til på nytt å vurdere kommunane sine tilskotsrammer opp imot mangfoldet av nye oppgåver det vert forventa at dei skal løyse.

Eldrerådet er vidare bekymra for at årlege kutt i kommunen sine budsjettammer, går utover deira evne til å levere forsvarlege tenester til innbyggjarar i alle aldre, og ser at det går utover førebyggjande tilbod som vil redusere presset på tenestene i åra som kjem.

### Nye oppgåver i kommunane

Dei kommunale helse- og omsorgstenestene har gjennom dei siste 10 åra vore gjennom store endringar. Kommunane får stadig fleire oppgåver overført frå spesialisthelsetenesta.

I stortingsmelding 26 (2014-2015) – «*Fremtidens primærhelsetjeneste*» vert det peika på:

- Meir førebygging og tidlig innsats
- Fleire tenester nær der brukarane bur
- Ein større del av tenestene skal leverast i kommunane

Samhandlingsreforma har medført fleire, større og meir fagleg utfordrande oppgåver i helse- og omsorgstenestene i kommunane. Eldrerådet registrerer at fleire pasientar vert tidlegare utskrivne, er dårlegare (ofte nyopererte) og har behov for tettare oppfølging frå tenestene enn tidlegare. I «*Opptrappingsplanen for habilitering og rehabilitering*» (2017-2019) er det eit mål at fleire pasientar skal motta rehabilitering i kommunane i åra framover og over tid overta fleire rehabiliteringsoppgåver frå spesialisthelsetenesta.

Samhandlingsreforma legg vidare til grunn at kommunane skal ta eit større ansvar for behandling og oppfølging av pasientar, også innan psykisk helse og rus. Tal institusjonsplassar i spesialisthelsetenesta er bygd ned, og fleire skal få si hjelp i kommunane.

## **Barn, unge og familiar**

Eldrerådet registrerer at det no vert sett eit sterkare fokus på førebyggjande arbeid inn imot barn og unge og familiarne deira. Dette ser vi bl.a. gjennom ei nasjonal satsing på å styrke helsetenester til barn og unge, og kravet om at alle kommunar frå 2020 skal ha tilsett kommunepsykolog. I regjeringa sitt framlegg til budsjett for 2018 vart det innført krav om maks elevtal pr. lærar, med mål om å kunne gje ei betre oppfølging av den einskilde elev. Det vart også stilt krav til vidareutdanning, som igjen vil føre til auka vikarbruk og høgare løn.

Kommunane har dei siste åra busett fleire flyktningar og arbeidsinnvandrarar og lagt til rette for dette gjennom kjøp av bustader, oppfølging i bustad og viktig språkopplæring. Dei har også i samarbeid med vidaregåande skular i fylket lagt til rette for nye utdanningstilbod, og i samarbeid med lokalt næringsliv fått fleire inn i arbeidslivet. P.g.a. endra innvandringspolitikk er talet på flyktningar og tilskotet til dette arbeidet sterkt redusert, til tross for at det ikkje er mogleg å redusere oppgåvene tilsvarande.

Eldrerådet kan ikkje sjå at den beskjedne auka i kommunane si økonomiske ramme kompenserar for den ønska veksten i tal oppgåver og tenester kommunane skal levere i dag og i åra som kjem. Vi kan ikkje sjå at auken dekker meir enn lønnsveksten.

Vennleg helsing

Eldrerådet i Gloppen  
v/ leiar Olav Moritsgård

Beate Kornberg  
Rådgjevar  
*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

## **Mottakarar**

Arbeiderpartiet si  
stortingsgruppe  
Fremskrittspartiet si  
stortingsgruppe  
Høgre si stortingsgruppe  
Kristeleg folkeparti si  
stortingsgruppe  
Miljøpartiet De Grønne si  
stortingsgruppe  
Senterpartiet si  
stortingsgruppe  
Sosialistisk venstreparti si  
stortingsgruppe  
Venstre si stortingsgruppe